

Notat

Til: Formannskapet

Kopi:

Frå: Rådmann

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
	18/453-110	20442/18	09.11.2018

Revidert framdriftsplan Arealdel til kommuneplanen 2018 - 2028

Arbeidet med revisjon av arealdel til kommuneplan tek lengre tid enn forventa grunna behov for avklaringar undervegs. Under følgjer revidert framdriftsplan.

I og med at det er teke sikte på ein enkel rullering av arealdelen har det vore lagt opp til å halde av særskilde møter i Formannskapet til temaa bustad og næring. Tema bustad har vore drøfta i formannskapet 30. august og 4.oktober i 2018. 22. november vert næringsplanlegging drøfta. Andre tema vert drøfta i samband med den generelle handsaminga av planen.

Det vert tilråda å setje av eit møte til gjennomgang av innspel til planarbeidet for å avklare kva vi skal innarbeide i planen, og eit møte til gjennomgang av framlegg til plandokument (plankart, føresegn, konsekvensutgreiing og ROS-analyse).

Framdriftsplanen er tilpassa utkast til møtekalender for 2019. Planen er ambisiøs fordi det er mål om å frigjere tid til arbeid med kommunesamanslåing etter sommaren.

November 2018	Formannskapet	Drøfting om næringsplanlegging.
Januar 2019	Formannskapet	Vurdering av innspel.
Mars/april 2019	Formannskapet	Framlegg av plandokument.
April 2019	Formannskapet og kommunestyret	Vedtak om utlegging av planframlegg til offentleg ettersyn og høyring.
April 2019	Administrasjonen	Høyring i seks veker. Planlagde møter og medverknad.
Juni 2019	Administrasjonen	Ferdigstille planframlegg etter høyring.
August 2019	Formannskapet og kommunestyret	Vedtak av plan.